

Menneskeverd

Alle mennesker har same grunnleggjande verdi og rett til dei godane som livet gir.

Heilskapssyn på menneske

Helse- og sosialfagleg arbeid legg til grunn at det er mange aspekt som spelar inn på livskvaliteten til menneske, og at individ og samfunn påverkar kvarandre.

Solidaritet og rettferd

Yrkesutøvarane skal fremje solidaritet mellom individ og grupper, ei rettferdig fordeling av samfunnet sine ressursar og arbeide for auka rettstryggleik og betre levekår for utsette grupper i samfunnet. Yrkesutøvararen har eit særskilt ansvar for å hjelpe og støtte dei som ikkje sjølv kan ivareta egne behov og interesser.

Å anerkjenne ulikskap og ikkje-diskriminering

Helse- og sosialfagleg arbeid skal ta omsyn både til felles menneskelege behov og individuelle preferansar. Yrkesutøvarane skal både unngå og kjempa mot urimeleg forskjellshandsaming av menneske, samt vere kritisk til standardiserte tiltak i møte med ulike situasjonar og behov

Makt og respekt for den enkeltes integritet

Respekten for enkeltindividet sine verdiar og ynskje om kontroll over eige liv er grunnleggjande i helse- og sosialfagleg arbeid. Yrkesutøvarane må vere merksame på korleis dei som profesjonelle påverkar styrketilhøvet i relasjonen, og at profesjonell makt kan misbrukast.

Å ha tillit, vere open og ærleg

Helse- og sosialfagleg arbeid må baserast på tillit mellom yrkesutøvarane og brukaren. Tillit kan oppstå og styrkast gjennom open kommunikasjon, forståeleg informasjon, tydelege grunngevingar og ivaretaking av konfidensialitet.

Dialog og samarbeid

I samarbeid må yrkesutøvarane vise respekt for andre sin kompetanse, roller og arbeidssituasjon. Dei må også kunne inngå i reelle dialogar både med brukarane og aktuelle samarbeidspartnarar.

Skjønn og dømmekraft

Eit godt fagleg skjønn må baserast på ei best mogleg utforsking av den aktuelle situasjonen, og perspektiva til alle dei involverte må takast med i vurderinga.

Lojalitet

Den primære lojaliteten hjå yrkesutøvarane skal vere hjå den mest utsette parten.

Ansvar

Alle har eit sjølvstendig ansvar for at egne handlingar er i samsvar med fagleg kunnskap, juridiske rammer og yrkesetiske forpliktingar og skal melde frå om dei vert pålagt å utføre handlingar som dei ikkje ser som fagleg eller etisk forsvarlege.





FO



FO